

Innkalling

Utval:	Fellesnemd nye Ålesund
Møtestad:	Ålesund rådhus, lavblokka, 4. etg. rom 463
Dato:	05.10.2017
Tid:	Kl. 12.00

Den som har lovleg forfall, eller er inhabil i nokre av sakene, må melde fra snarast mogleg til politisk sekretær Elin A. Moen, epost elin.moen@haram.kommune.no slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærare avtale.

Sakliste

Saksnummer: **Sakstittel**
019/17 Tilsetting av rådmann i nye Ålesund kommune

28. september 2017

Eva Vinje Aurdal

Saksframlegg

Tilsetting av rådmann i nye Ålesund kommune

Saksnummer:	Utval:	Dato:
019/17	Fellesnemd nye Ålesund	05.10.2017

Framlegg frå tilsettingsutvalet:

Fellesnemnda for nye Ålesund tilset Astrid Eidsvik som rådmann i nye Ålesund kommune, Astrid Eidsvik skal også vere prosjektleiar for etableringa av den nye kommunen. Tilsettingsutvalet vert delegert fullmakt til å tilby endelege vilkår og inngå arbeidsavtale.

Saksutgreiing:

Kommuane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund skal danne ny kommune innan 1. januar 2020, jamfør Stortingsvedtak av 8. juni 2017. Det er oppretta ei fellesnemnd 21. juni 2017 for kommunesamanslåinga som har fått sitt mandat frå dei fem kommunane. I mandatet går det fram at fellesnemnda skal «tilsetje rådmann i den nye kommunen. Rådmannen vert prosjektleiar for kommunesamanslåingsprosessen» (jf. pkt. 3.9.3 i Mandat og reglement for fellesnemnda for etablering av nye Ålesund).

Etter initiativ frå arbeidsutvalet for nye Ålesund i møte 31. mars 2017, vart det fremja felles sak til kommunestyra i dei fem kommunane som dannar nye Ålesund med tittelen «Stilling som rådmann og prosjektleiar for «nye Ålesund kommune»- mandat for tilsettingsutval». Saka var førebudd i delprosjekt for personal og omstilling i nye Ålesund. Saka vart handsama i kommunestyra i Haram, Sandøy, Ålesund og Ørskog 6. april, og Skodje kommunestyre 19. april.

Kommunestyra oppnemnde eit tilsettingsutval for til å ivareta prosessen med innstilling av rådmann, der kvart kommunestyre valde sitt medlem og varamedlem. Desse vart valde: Vebjørn Krogsæter - Haram kommune, Oddvar Myklebust Sandøy kommune, Dag Olav Tennfjord - Skodje kommune, Knut Helge Harstad - Ørskog kommune og Eva Vinje Aurdal - Ålesund kommune. Hovudsamanslutningane i dei fem kommunane valde Hanne Tonning (hovduttillitsvalt Ålesund kommune) som representant for dei tilsette. Prosjektkoordinator var sekretær for utvalet. Dag Olav Tennfjord og Eva Vinje Aurdal vart valde som leiar og nestleiar i utvalet.

Utvalet fekk sitt mandat av kommunestyra som vedtok følgjande lik tekst:

- «Det opprettast ei stilling som prosjektleiar/prosjektrådmann for etableringa av nye Ålesund kommune. Vedkommande som vert tilsett i stillinga vert rådmann/administrasjonssjef i nye Ålesund kommune.

- *Det vert oppretta eit tilsettingsutval som skal førebu og gjennomføre ein hensiktsmessig rekrutteringsprosess til stillinga.*
- *Tilsettingsutvalet har mynde til å knytte til seg ekstern konsulent til støtte i arbeidet og utarbeide stillingsprofil/krav til stillinga.*
- *Tilsettingsutvalet skal sørge for at det det vert gjennomført kartleggings/omstillingssamtale med dei noverande rådmenn.*
- *Tilsettingsutvalet skal ha ein representant med vara frå kvar av dei fem kommunane, og dei tillitsvalde skal ha ein representant i utvalet.*
- *Utvalet skal starte sitt arbeid så snart som råd er, og arbeide for ei snarleg tilsetting etter at fellesnemnda for nye Ålesund er oppretta.*
- *Fellesnemnda gis mynde til å tilsette ny rådmann/prosjektleder. Det skal innarbeidast i fellesnemnda sitt (reglement) mandat.»*

I tillegg til likt vedtak omtalt over, gjorde også kommunestyra ulike tilleggsvedtak. Her er ei oversikt:

Sandøy kommunestyre vedtok tillegg (som innstillinga) etter fjerde kulepunkt: «*Utvalet skal vurdere om det er grunnlag for ein intern rekrutteringsprosess der ein av dei noverande rådmenn gis tilbod om stillinga som «anna passende arbeid», eller om stillinga skal lysast ut for ekstern rekruttering.»*

Haram kommunestyre vedtok tillegg etter tredje kulepunkt: «*, men tilsettingsutvalet legg fram stillingsprofil for stillinga til godkjenning i styringsgruppa eller fellesnemnda.»*

Haram kommunestyre vedtok tillegg etter fjerde kulepunkt: «*, men stillinga skal lysast ut for ekstern rekruttering.»*

Skodje kommunestyre vedtok tillegg etter fjerde kulepunkt: «*Stillinga skal lysast ut for ekstern rekruttering.»*

Ørskog kommunestyre vedtok tillegg etter tredje kulepunkt: «*Stillinga skal lysast ut for ekstern rekruttering.»*

Ålesund bystyre vedtok tillegg etter fjerde kulepunkt: «*og stillinga skal utlysast eksternt.»*
Ålesund bystyre vedtok ikkje siste kulepunkt i lik tekst gjengitt over 6. april, men 21. juni vedtok bystyret mandat for fellesnemnda der myndigheita for å tilsette rådmann vart gitt nemnda.

I konstituerande møte i tilsettingsutvalet 3. mai 2017 var utvalet einige om at dei skulle følge fire av fem kommunestyrevedtak om at stillinga skulle lysast ut eksternt.

Tilsettingsutvalet engasjerte eit eksternt rekrutteringsfirma som rådgjevar i rekrutteringsprosessen.

Tilsettingsutvalet har gjennomført prosessen fram til innstilling av rådmann for nye Ålesund. Innstillinga frå tilsettingsutvalet med vurdering er vedlegg til saka, og er unntatt offentlegheit, jf. offentleglova § 25.

Vurdering:

I eige vedlegg er det nærmare gjort greie for rekrutteringsutvalets sitt arbeid, utvalet sine

vurderingar og tilråding om kven som bør bli tilbydd stillinga.

Utvalet sine vurderingar og dei dokument som dannar grunnlag for desse, er unnateke offentlegheit, jf. offentleglova § 25. Kun møtande medlemmar i fellesnemnda får tilgang til desse dokumenta. Gruppeleiarane får vedlegget utdelt på papir og får ansvar for å informere si gruppe. Utvalet si innstilling om kven som bør bli tilbydd stillinga er derimot offentleg.

I saka frå tilsettingsutvalet framgår det at stillinga vart utlyst 22. juni med søknadsfrist den 15. august. Då søknadsfristen gjekk ut var det fire søkjarar til stillinga.

Tilsettingsutvalet vurderte tal på søkjarar som noko tynt for å få reell konkurranse om stillinga, og var einige om å ta i mot søknader etter søknadsfristen, fram til første intervjurunde skulle starte (ein tidsperiode på to veker). Mulegheita for å gjere dette vart avklart med KS-advokat før endeleg avgjerd vart teken, det er for øvrig i samsvar med Ålesund kommune sitt arbeids- og tilsettingsreglement.

Det valde rekrutteringsfirmaet fekk i oppdrag å jobbe vidare med å få fleire aktuelle søkjarar fram til første intervjurunde.

Etter at søknadsfristen gjekk ut kom det to søkjarar til. Den eine av desse trakk søknaden før første intervjurunde 8. september. Dermed var det fem søkjarar på den endelege søkerlista før intervju tok til. Sluttintervju vart gjennomførte 25. september, og tilsettingsutvalet ferdigstilte prosessen og innstilling same dag.

Tilsettingsutvalet si vurdering er at Astrid Eidsvik er den søkjaren som er best eigna til stilling som rådmann for nye Ålesund kommune.

Konklusjon:

Tilsettingsutvalet har etter ein grundig prosess vurdert Astrid Eidsvik som den best kvalifiserte søkjaren. Utvalet tilrår at fellesnemnda tilset henne i stillinga som rådmann for nye Ålesund, og prosjektleiar for samanslåingsprosessen. Det vert også tilrådd at tilsettingsutvalet får delegert fullmakt til å tilby endelege vilkår og å inngå arbeidsavtale.

Dag Olav Tennfjord

Leiar tilsettingsutvalet

Utrykte dokument i saka:

Haram kommunestyre 6.4.2017 024/17 Stilling som rådmann og prosjektleiar for "nye Ålesund kommune" - mandat for tilsettingsutval. Haram kommune har gjort følgjande vedtak i kommunestyret

Ålesund bystyre 6.4.2017 030/17 Stilling som rådmann og prosjektleider for «nye Ålesund kommune»- mandat for tilsettingsutvalg

Sandøy kommunestyre 6.4.2017 2017/25 Stilling som rådmann og prosjektleider for "nye Ålesund kommune" - mandat for tilsettingsutvalg

Skodje kommunestyre 19.4.2017 28/17 Stilling som rådmann og prosjektleder for «nye Ålesund kommune»- mandat for tilsettingsutval

Ørskog kommunestyre 6.4.2017 48/17 Stilling som rådmann og prosjektleiar for nye Ålesund kommune - mandat for tilsetjingsutval